



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 12.04.2018
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18.00 – 22.30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Siri Kaland	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Asbjørn Brandtun	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Morten Sognnes	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Petter Lerøy Skårnes	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Jorund Stellberg	UAH
Rikke Heldal Hope	H
Viggo Leirvåg	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Solveig Hopen	H	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Rådmann Jan Olav Osen, økonomisjef Olav Andersen, avdelingsleiar Asbjørn Toft og avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
013/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/18	Godkjenning av møteprotokoll
015/18	Meldingar
016/18	Orienteringssak
017/18	Tilsetjing av rådmann
018/18	Tema økonomi
019/18	Overtaking av Setenesvegen 48, Breidvikhaugen 4 og 8
020/18	Godkjenning av Enøkplan for Austrheim kommune
021/18	Sambandet Vest AS - Tilskot til vidare drift
022/18	Vidare arbeid med omsorgsbustadane på Kaland/Fonnes
023/18	Nytt vegnamn i Austrheim kommune- Bergsvikmarka
024/18	Selskapskontroll Aufera AS

013/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 013/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

014/18: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 014/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

015/18: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 015/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

016/18: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Orienteringane vert teke til vitande.

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Det var fylgjande orienteringar i møtat:

- Medlemmene i landbruksfagrådet Linda Syslak og Øyvind Ullestad og landbrukssjef Kjartan Nyhammer orientere om landbruket i Austrheim og landbruksplanen.
- Dagleg leiar Kari Smith i Aufera AS orientere om Aufera sitt arbeid. Styreleiar Ole Lysø var tilstede under orienteringa.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 016/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

017/18: Tilsetjing av rådmann

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret gir gruppeleiarforum mynde til styra prosessen med å tilsetja ny rådmann i Austrheim kommune. Gruppeleiarforum skal leggja fram sak om utlysing av rådmannstillinga for kommunestyret 24. mai 2018.

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 017/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Kommunestyret gir gruppeleiarforum mynde til styra prosessen med å tilsetja ny rådmann i Austrheim kommune. Gruppeleiarforum skal leggja fram sak om utlysing av rådmannstillinga for kommunestyret 24. mai 2018.

018/18: Tema økonomi

Rådmannen sitt framlegg:

Det er ikkje framlegg til vedtak i denne saka.

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå ordførar:

Økonomisjefen sin gjennomgang av økonomien vart teke til vitande.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 018/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Økonomisjefen sin gjennomgang av økonomien vart teke til vitande.

019/18: Overtaking av Setenesvegen 48, Breidvikhaugen 4 og 8

Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommune overtar Breidvikhaugen 4 til ein kjøpesum av kr. 3 050 000,- og Breidvikhaugen 8 til ein kjøpesum på Kr. 3 050 000 som vert dekkja ved at Austrheim kommune overtar AS Austrheim Næringssselskap sine lån i Husbanken og kommunalbanken.
2. Austrheim kommune overtar Setenesvegen 48 for kr. 1 200 000. Kjøpesummen vert dekkja med overføring av AS Austrheim Næringssselskapet sitt lån i AS Austrheim Næringssselskap.
3. Austrheim kommune sin overtaking av lån i Husbanken og kommunalbanken utgjer total pr. dato kr. 6 795 000. Kjøpesummen totalt utgjer kr. 7 300 000. Kostnaden kr. 505 000 som ikkje vert dekkja av overtaking av lån vert finansiert med kommunen sitt låneopptak i 2018.
4. Kostnadene ved overdragingane vert dekkja av AS Austrheim Næringssselskap.

22.03.2018 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Jorunn Stellberg (Uavh.):

Endring Pkt 2:

2. Austrheim kommune overtar Setenesvegen 48 for kr. 1 200 000.

Kjøpesummen vert dekkja med overføring av AS Austrheim Næringssselskapet sitt lån i kommunalbanken.

nytt pkt 5:

Bruk av lånemidler ved ovannemnde transaksjoner, skal tilbakeførast når AS Austrheim Næringssselskap vert oppløyst.

Rådmannen sitt framlegg med Jorunn Stellberg (Uavh.) sine framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 021/18 - 22.03.2018 - Vedtak:

1. Austrheim kommune overtar Breidvikhaugen 4 til ein kjøpesum av kr. 3 050 000,- og Breidvikhaugen 8 til ein kjøpesum på Kr. 3 050 000 som vert dekkja ved at Austrheim kommune overtar AS Austrheim Næringssselskap sine lån i Husbanken og kommunalbanken.
2. Austrheim kommune overtar Setenesvegen 48 for kr. 1 200 000.
Kjøpesummen vert dekkja med overføring av AS Austrheim Næringssselskapet sitt lån i kommunalbanken.
3. Austrheim kommune sin overtaking av lån i Husbanken og kommunalbanken utgjer total pr. dato kr. 6 795 000. Kjøpesummen totalt utgjer kr. 7 300 000
Kostnaden kr. 505 000 som ikkje vert dekkja av overtaking av lån vert finansiert med kommunen sitt låneopptak i 2018.
4. Kostnadene ved overdragingane vert dekkja av AS Austrheim Næringssselskap.
5. Bruk av lånemidler ved ovannemnde transaksjoner, skal tilbakeførast når AS Austrheim Næringssselskap vert oppløyst.

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Rådmann Jan Olav Osen gjekk frå som inhabil under handsaming av saka. Økonomisjef Olav Andersen tiltrådte møtelyden.
Formannskapet sin tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 019/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

1. Austrheim kommune overtar Breidvikhaugen 4 til ein kjøpesum av kr. 3 050 000,- og Breidvikhaugen 8 til ein kjøpesum på Kr. 3 050 000 som vert dekkja ved at Austrheim kommune overtar AS Austrheim Næringssselskap sine lån i Husbanken og kommunalbanken.
2. Austrheim kommune overtar Setenesvegen 48 for kr. 1 200 000.
Kjøpesummen vert dekkja med overføring av AS Austrheim Næringssselskapet sitt lån i kommunalbanken.
3. Austrheim kommune sin overtaking av lån i Husbanken og kommunalbanken utgjer total pr. dato kr. 6 795 000. Kjøpesummen totalt utgjer kr. 7 300 000
Kostnaden kr. 505 000 som ikkje vert dekkja av overtaking av lån vert finansiert med kommunen sitt låneopptak i 2018.
4. Kostnadene ved overdragingane vert dekkja av AS Austrheim Næringssselskap.
5. Bruk av lånemidler ved ovannemnde transaksjoner, skal tilbakeførast når AS Austrheim Næringssselskap vert oppløyst.

020/18: Godkjenning av Enøkplan for Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune godkjenner Enøkplan for Austrheim kommune. Enøkplanen er datert 05.03.2018. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

22.03.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 020/18 - 22.03.2018 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune godkjenner Enøkplan for Austrheim kommune. Enøkplanen er datert 05.03.2018. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Formannskapet sin tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 020/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune godkjenner Enøkplan for Austrheim kommune. Enøkplanen er datert 05.03.2018. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

021/18: Sambandet Vest AS - Tilskot til vidare drift

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune betaler ikkje inn kr. 91.035 til vidare drift av Sambandet Vest AS i 2018 med utgangspunkt i at kommunen ikkje ynskjer å delta vidare i arbeidet med Sambandet Vest AS. Austrheim kommune sine aksjer vert tilbudt til andre som ynskjer å overta.

22.03.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 022/18 - 22.03.2018 - Vedtak:

Austrheim kommune betaler ikkje inn kr. 91.035 til vidare drift av Sambandet Vest AS i 2018 med utgangspunkt i at kommunen ikkje ynskjer å delta vidare i arbeidet med Sambandet Vest AS. Austrheim kommune sine aksjer vert tilbudt til andre som ynskjer å overta.

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Formannskapet sin tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 021/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Austrheim kommune betaler ikkje inn kr. 91.035 til vidare drift av Sambandet Vest AS i 2018 med utgangspunkt i at kommunen ikkje ynskjer å delta vidare i arbeidet med Sambandet Vest AS. Austrheim kommune sine aksjer vert tilbudt til andre som ynskjer å overta.

022/18: Vidare arbeid med omsorgsbustadane på Kaland/Fonnes

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tilrår at arbeidet med å byggja omsorgsbustadar på Kaland/Fonnes vert vidareført som bygging av sju eldrebustadar, og at den oppnemnde plan- og byggjenemnda planlegg det vidare arbeidet som det.

Kommunen gjennomfører prosjektering av VVA til eldrebustadane i samband med prosjektering og utbygging av VVA i dette området. Kommunen gjennomfører masseutskifting der bustadane og den planlagte infrastrukturen her skal vera samstundes med utbygging og utbetring av VVA. Ferdigstilling av tilkomstveg, gangvegar, park- og leikeareal vert gjort ferdig samstundes med VVA-utbygginga i området. Sal av kommunale tomter ved Søre-Fonnesvågen vil vera med å delfinansiera dette arbeidet. Det gjeld og midlar avsett på investeringsbudsjettet til utbetring av VA-arbeidet området.

Plan- og byggjenemnda får i oppgåve å leggja fram pristilbod og byggjeteikningane til kommunestyret for endeleg godkjenning innan 2019. Nemnda får i oppgåve å styra byggjeprojektet til ferdigstilling. Målet er at eldrebustadane skal vera klare til bruk i 2020.

22.03.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 023/18 - 22.03.2018 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tilrår at arbeidet med å byggja eldrebustader på Kaland/Fonnes vert vidareført som bygging av sju eldrebustadar, og at den oppnemnde plan- og byggjenemnda planlegg det vidare arbeidet som det.

Kommunen gjennomfører prosjektering av VVA til eldrebustadane i samband med prosjektering og utbygging av VVA i dette området. Kommunen gjennomfører masseutskifting der bustadane og den planlagte infrastrukturen her skal vera samstundes med utbygging og utbetring av VVA. Ferdigstilling av tilkomstveg, gangvegar, park- og leikeareal vert gjort ferdig samstundes med VVA-utbygginga i området. Sal av kommunale tomter ved Søre-Fonnesvågen vil vera med å delfinansiera dette arbeidet. Det gjeld og midlar avsett på investeringsbudsjettet til utbetring av VA-arbeidet området.

Plan- og byggjenemnda får i oppgåve å leggja fram pristilbod og byggjeteikningane til kommunestyret for endeleg godkjenning innan 2019. Nemnda får i oppgåve å styra byggjeprojektet til ferdigstilling. Målet er at eldrebustadane skal vera klare til bruk i 2020.

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Formannskapet sin tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 022/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tilrår at arbeidet med å byggja omsorgsbustadar på Kaland/Fonnes vert vidareført som bygging av sju eldrebustadar, og at den oppnemnde plan- og byggjenemnda planlegg det vidare arbeidet som det.

Kommunen gjennomfører prosjektering av VVA til eldrebustadane i samband med prosjektering og utbygging av VVA i dette området. Kommunen gjennomfører masseutskifting der bustadane og den planlagte infrastrukturen her skal vera samstundes med utbygging og utbetring av VVA. Ferdigstilling

av tilkomstveg, gangvegar, park- og leikeareal vert gjort ferdig samstundes med VVA-utbygginga i området. Sal av kommunale tomtar ved Søre-Fonnesvågen vil vera med å delfinansiera dette arbeidet. Det gjeld og midlar avsett på investeringsbudsjettet til utbetring av VA-arbeidet området.

Plan- og byggjenemnda får i oppgåve å leggja fram pristilbod og byggjeteikningane til kommunestyret for endeleg godkjenning innan 2019. Nemnda får i oppgåve å styra byggjeprojektet til ferdigstilling. Målet er at eldrebustadane skal vera klare til bruk i 2020.

023/18: Nytt vegnamn i Austrheim kommune- Bergsvikmarka

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune tilrår at vegnamnformen på den nye vegen som går frå Lerøyvegen til det regulerte hyttefeltet i Bergsvik vert **Bergsvikmarka**. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i lov om stadnamn §§ 5 og 6.

22.03.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 019/18 - 22.03.2018 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune tilrår at vegnamnformen på den nye vegen som går frå Lerøyvegen til det regulerte hyttefeltet i Bergsvik vert **Bergsvikmarka**. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i lov om stadnamn §§ 5 og 6.

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Formannskapet sin tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 023/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune tilrår at vegnamnformen på den nye vegen som går frå Lerøyvegen til det regulerte hyttefeltet i Bergsvik vert **Bergsvikmarka**. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i lov om stadnamn §§ 5 og 6.

024/18: Selskapskontroll Aufera AS

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar. Kommunestyret ber om at rådmannen utarbeider ei revidert eigarskapsmelding der revisjonen sine tilrådingar vert vurdert og innarbeida. Rådmannen kjem med ei tilbagemelding til kommunestyret innan 1. oktober 2018 om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

12.04.2018 KOMMUNESTYRET

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøyses vedteke.

KS - 024/18 - 12.04.2018 - Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber om at rådmannen utarbeider ei revidert eigarskapsmelding der revisjonen sine tilrådingar vert vurdert og innarbeida.

Rådmannen kjem med ei tilbakemelding til kommunestyret innan 1. oktober 2018 om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.
